



Røysterett for alle og Rosendal songlag syng saman i Rosendal Samfunnshus. I november skal dei synga saman att, i Kvinnheradkyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Røysterett for alle og Rosendal songlag song saman i januar og dei skal gjera det ein gong til i 2008, opplyser leiar Jarle Fossheim i Rosendal-koret.**

Neste felleskonsert blir 30. november i Kvinnherad kyrkje og då skal verket Mariamusikk av Anders Ohrwall verta framført. Det er eit verk for kor, solist, instrumentalistar og resitasjon og fellesdirigent Maria Malmsten nyttar ofte songar frå verket i kora som ho leiar. Men no skal det altså framførast frå ende til annan.

Rosendal songlag er ellers inne i sitt 125. år ettersom det vart skipa i 1883. Det er etter det leiinga veit det nest eldste aktive blandakoret i landet. Leiaren held fram at det er "livskraftig og framoverretta" og gjev mykje av æra for sangargleda i koret til "den inspirerande og dugande dirigenten"  
- Med sin sangutdanning og dirigentbakgrunn gjev ho medlemmene i laget ein godt tilmålt dose med sangarglede kvar onsdagskveld, heiter det i pressemeldinga frå songlaget.

Det planlegg utanlandstur i 2009 "for å henta kveik for dei neste 125 åra".

Av Ola Matti Mathisen.